

# Helgahelsing

Årgang 62 - Nr. 1  
MARS 2016



Odda



Tyssedal



Røldal



Skare





## Odda og Tyssedal sokn

*Kyrkjekontoret i Odda*

Postboks 397, 5751 Odda tlf. 53 65 09 00  
e-post: [post@oddakirken.no](mailto:post@oddakirken.no) fax 53 65 09 01  
nettadresse: [www.oddakirken.no](http://www.oddakirken.no)

Sekretær Angunn Handegard Trå  
Kontortid: tysdag til fredag 09.00 – 14.00

### Direkte telefonnr.

Sokneprest Margrethe Ølberg tlf. 53 65 09 05  
e-post: [soknepresten@oddakirken.no](mailto:soknepresten@oddakirken.no)

Diakon Annlaug H. Engmark tlf. 53 65 09 06  
e-post: [diakonen@oddakirken.no](mailto:diakonen@oddakirken.no)

Trusopplærar Jannike S. Stave tlf. 53 65 09 04  
e-post: [pedagogen@oddakirken.no](mailto:pedagogen@oddakirken.no)

Kyrkjeverje Greta Nordlund tlf. 53 65 09 07  
mob. 481 03 285  
e-post: [kirkevergen@oddakirken.no](mailto:kirkevergen@oddakirken.no)

Kantor Paweł Cabała tlf. 53 65 09 09  
e-post: [kantoren@oddakirken.no](mailto:kantoren@oddakirken.no)

Organist Krzysztof (Kris) Ulita tlf. 53 65 09 10  
e-post: [organisten@oddakirken.no](mailto:organisten@oddakirken.no)

*Kyrkjjetenar (kl. 07<sup>30</sup> - 15<sup>00</sup>)*

Olav Andor Lono mob. 416 64 018  
Jannike S. Stave mob. 950 06 055  
Anne Marie Reistad (vikar) mob. 917 79 772

## Røldal og Skare sokn

*Kyrkjekontoret i Røldal*

Seimsv. 5, 5760 Røldal tlf. 53 64 71 40  
fax 53 64 18 52

e-post: [soknepresten.iros@oddakirken.no](mailto:soknepresten.iros@oddakirken.no)  
Sokneprest Arne Sveinung Nataas

*Kyrkjjetenar - Røldal*

Olav Andor Lono mob. 416 64 018

### Odda sokneråd

Leiar Åse Kaland mob. 992 75 147

### Røldal sokneråd

Leiar Liv Karin Larsson mob. 476 18 491

### Skare sokneråd

Leiar Steinar Tokheim tlf. 53 64 52 70

### Tyssedal menighetsråd

Leder Airin Nesse mob. 924 83 405

### Odda kyrkjelege fellesråd

Leiar May Søfteland mob. 924 07 604

## HELGAHELSING

Redaksjonskomité: Terje Bjelland,  
Margit Rabbe Gjørsv, Gunvor Stana Seljestad,  
Paweł Cabała - utføring.

E-postadresse: [helgahelsing@gmail.com](mailto:helgahelsing@gmail.com)  
Send oss gjerne tekstar, bileter, mm.

Kontonr. til Helgahelsing: 3201.52.70089

# Karen Marie Hovland

## - ny vikarprest!



**8. februar** fekk vi ein fast vikarprest til tenester i Odda og Tyssedal sokn medan soknepresten i Ullensvang, Njål Engmark, arbeider som sjømannsprest i Dubai. Vi ynskjer henne velkomen! Karen Marie skal ha gudstenester og andre kyrkjelege handlingar i sokna, samt konfirmantundervisning i Tyssedal. Vikariatet er fram til **5. juni** 2016.



*Vår kjære organistvikar, Sigbjørn Kvitno, har runda 70!*

# KOM OG SJÅ

Av Pavel Novik,  
pastor i Filadelfia Vestby  
Påskedag  
Preiketekst: Matteus 28, 1-10

*Då sabbaten var til ende og det tok til å lysna første dagen i veka, kom Maria Magdalena og den andre Maria for å sjå til grava. Då kom det brått eit kraftig jordskjelv, for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava, rulla steinen ifrå og sette seg på han. Han var som eit lyn å sjå til, og*

*kleda hans var kvite som snø. Vaktmennene skalv av redsle for han og vart liggjande som døde. Men engelen tala til kvinnene og sa: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, den krossfeste. Han er ikkje her; han er stått opp, som han sa. Kom og sjå staden der han låg! Skund dykk av stad og sei til læresveinane hans: 'Han er stått opp frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han.' – No har eg sagt det til dykk.»*

*Då skunda dei seg bort frå grava, redde, men jublande glade; og dei sprang av stad for å fortelja det til læresveinane. Og sjå, Jesus kom imot dei og sa: «Ver helsa!» Då gjekk dei fram, tok om føtene hans og tilbad han. Og Jesus sa til dei: «Ver ikkje redde! Gå og sei til brørne mine at dei skal fara til Galilea. Der skal dei få sjå meg.»*

I dag er det fleire som har eit godt etablert bilete av kven Jesus var. Somme seier at han var filosof og lærar. Andre meiner at han var ein profet. Kristne meiner at han er Guds Son. Merkeleg nok; til og med hans nærmaste venner, når dei kom til Jesu grav fyrste påskedag, forventa dei ikkje å møte noko anna enn faktumet at Jesus er død og gravlagt. Men i det dei kjem til grava ser dei at steinen som dekte inngangen i gravhola er rulla til side og grava er tom... Det som skjedde var at Jesus stod opp frå dei døde og engelen kom og rulla steinen bort. Det var ikkje sånn at Jesus trengde hjelp for kome ut av grava. Langt ifrå! Engelen kom for at kvinnene og dei andre kunne kome inn og oppdage at grava er tom... Engelen sat på gravsteinen som eit teikn på at døden er overvunnen.

Jesus stod opp frå dei døde og dette provar at han er Guds Son. Betalinga for menneska sine synder er gjennomført og godkjent av Himmelen. "Kom og sjå staden kvar han låg" inviterer engelen kvinnene. Den invitasjonen gjeld i dag også deg og meg. Ein treng ikkje å vere så naiv at ein trur på alt som blir sagt. Lat oss innrømme faktumet at Jesu grav verkeleg er tom. Fiendar av Jesus klarte ikkje å motbevise Jesu oppstode, disipline til Jesus blei så sikre på at



Jesus lever igjen at dei kunne sverje med livet sitt på at det er sant. Dei fleste av dei døydde faktisk for denne påstanden. Til saman over 550 menneske har sett den oppståtte Jesus i løpet av 40 dagar etter Jesu oppstode. Dei kunne røre ved han, kjenne på sår hans som blei igjen etter krossfestinga; dei kunne snakke med han og ete med han.

Jesu oppstode vekkjer fleire motstridande og sterke kjensler. Kvinnene var "redde" men også "jublande glade" då dei gjekk frå grava. Det er ikkje berre lett å møte eit menneske som blei gravlagt og kom til live igjen. Ein blir redd av å oppleve det overnaturlige og ukjente. Samtidig er det ei stor glede å vite at den du var så glad i er i live likevel.

I dag er det mange som ikkje vågar tenkje på Jesus og om Gud, rett og slett fordi det blir altfor sterkt og altfor krevjande kjenslemessig. Men saka er at Jesus er Gud og han er oppstått. Han lever, gir liv, håp og meining i livet og vil vere min og den personlege vennen din og frelsar. Vågar du å sjå i den tomme grava? Skummelt... Rart... Kva om... Den du oppdagar i den tomme grava skal forandre livet ditt og skal gi deg fleire svar... og skal stille deg fleire spørsmål.





## «DATOEN»

Tv-serien «Datoen» fengjer meg. Kjendisar og andre mindre kjende folk gjev oss eit innblikk i livet deira frå fødselen av. Dei tek oss med inn i sjukdom, vanskar, død og store problem, men og i gleder og gode minner dei har. Me har alle våre kvardagar, tenkjer eg. Undrar meg og over kvifor det er så lett å tenkje at kjendisar lever eit godt sorglaust liv. Me ser dei kanskje på TV-skjermen der dei står så støtt, underhaldar oss og sjølvtiliten deira blomstrar. Så får me høyra dei snakka om livet sitt. Dei har sin historie som dei ber på. Men dei lever med dei. Politikarar klarar å stå oppreist i politiske stormar. Musikarar og andre kunstnarar opptrer og har flotte konsertar eller anna underhaldning.

Me har alle ein dato. Dagen då me vart fødd. Livet vårt gjev oss vår historie. Om du er berømt eller ikkje er din historie like viktig. Det kan gje trøyst i å høyra at andre og har opplevd eit røynd liv. Lina Sandel (Carolina "Lina" Wilhelmina Sandell,

gift Berg, 1832-1903) var svensk diktar, teolog, forfattar og salmeforfattar. Ho har forfatta mange flotte salmar som ofte vert brukt. Les me om ho får me eit innblikk i hennar liv med fleire tragediar. Ein kan då undra seg over alt ho klarte. Salmen «Jag kan icke räkna dem alla» er ein av dei fine eg likar. På tross av store påkjenningar opplevde ho mykje av Guds signing i livet sitt. Det var så mykje at ho kunne ikkje rekna dei opp. Slik ein heller ikkje kan telja alle stjernene på himmelen. Å synga salmar som gjev oss trøyst, kan gje oss livsmot.

Me skal på nytt få feira påske. Me får fylgje Jesus på si vandring mot Golgata og lidinga på korset og at han stod frå opp frå grava påskemorgon. På grunn av alt Jesus gjekk igjennom kan han vera ei god trøyst gjennom våre store og små påkjenningar i livet.

1. «Jag kan icke räkna dem alla,  
de prov på Guds godhet jag rönt.  
Likt morgonens droppar de falla  
och glimma likt dessa så skönt.  
Jag kan icke räkna dem alla,  
de prov på Guds godhet jag rönt.

2. Likt stjärnornas tallösa skara  
de hava ej namn eller tal,  
men stråla likt dessa så klara,  
jämväl i den mörkaste dal.  
Likt stjärnornas tallösa skara  
de hava ej namn eller tal.

3. Jag kan icke räkna dem alla,  
men ack, må jag tacka dess mer.  
Guds kärleks bevis må jag kalla  
de under av nåd han mig ger.  
Jag kan icke räkna dem alla,  
men ack, må jag tacka dess mer.»

Lina Sandell-Berg 1880



## Hei alle sammen!

### Klubb 13 starter opp!

Dette er et trosopplæringstilbud for alle 13-åringer (- de som er født i 2003) i Odda, Tyssedal og Skare sokn.

Det blir klubbkvelder på Odda soknehus fra kl. 17.00 til kl. 20.00, 20. og 27. april og 4. og 11. mai. Vi vil starte et stort teaterprosjekt for denne aldersgruppen med musikk, kulisser og DUKKER! 😊 På klubbkveldene skal vi produsere dukker og kulisser og dramatisere bibeltekster. Vi arbeider med lyssetting og kunstuttrykket i teateroppsettet.

Første forestilling vil bli vist i Odda kirke pinsedag 15. mai.





Aldri før har me sett så mange store humanitære kriser på ein gong. Kirkens Nødhjelp er i katastrofen med reint vatn. No treng dei di hjelp. Kirkens nødhjelp arbeidar med same prosjekt to år på rad og i år er dette det andre året.

Akkurat no er millionar av menneske ramma av katastrofar – verda over. Det siste året har Kirkens Nødhjelp gjeve reint vatn til mellom anna flyktningar i Sør-Sudan, Nord-Irak og Syria, flomoffer i Malawi, tørkeramma i Etiopia og jordskjelvoffer i Nepal. I Etiopia har vêrfenomenet El Niño skapt den verste tørka på 30 år. Ifølgje etiopiske styresmakter vil 10,2 millionar vere trua av kritisk matmangel i 2016. Meir enn halvparten av desse er born. 5, 8 millionar menneske er i akutt mangel på vatn.

Blant dei som er hardt ramma, er bøndene i Ankober-distriktet. 66-åringen Dagne i landsbyen Washa har sjeldan sett ei verre tørke gjennom sine 40 år som bonde.

– Eg har vore gjennom vanskelege periodar i livet mitt. Det har skjedd før at regnet ikkje har kome og me har prøvd å overleva med det vetle vi har. Men dette er noko av det vanskelegaste eg har opplevd. Kvar einaste dag må heile familien stå over måltid for å spare på maten, fortel nibarnsfaren.

### Enorm mangel på vatn

Tørka har skapt enorm vassmangel, ubrukelege avlingar og utarma beitemarker. Bøndene mister dyra sine og dermed livsgrunnlaget sitt. Det vetle regnet som har kome, har ikkje vore nok til å gi avlingar.

For å klara seg, må bøndene selja dyra som har overlevd så langt i tørka. Dei vert tvunge til å selja kyr som har sørgd for verdifull mjøl til borna i familien. No har mange snart korkje dyr eller pengar igjen. Dagne har ei von om framleis regn, men er uroa for korleis han skal klara å driva jorda utan oksane sine.

– Eksistensen vår avheng av dyra våre. Utan dei, vert det vanskeleg for oss å overleva. Eg veit ikkje kva eg skal gjera, seier Dagne fortvila.

Kirkens Nødhjelp er til stades i Ankober og fleire andre av dei verst ramma områda i Etiopia. Behova er akutte, og Kirkens Nødhjelp sørgjer for reint vatn og trygge sanitære tilhøve.



Trass dårlege avlingar dette året, arbeider Dagne i åkeren for å førebu den tørre jorda på regnet han håpar vil koma. (Foto: Hilina Abebe/Kirkens Nødhjelp)

– Me er i gang med nødhjelpsarbeidet og har allereie jobba førebyggjande i fleire månader. Men når omfanget er så stort, treng me all den hjelpa me kan få, seier generalsekretær Anne-Marie Helland i Kirkens Nødhjelp.

### Du kan hjelpe

I kriser er vatn kritisk. Difor er vatn noko av det aller første Kirkens Nødhjelp stiller med i katastrofar. Dei sørgjer for reint vatn og høve til gode sanitærforhold der alt er øydelagd. Samtidig jobbar dei saman med folk i utsette område for å førebyggja den neste naturkatastrofen. Kirkens Nødhjelp jobbar også med å påverka politikarar og andre beslutningstakarar til å stanse klimaendringane.

Kirkens Nødhjelp treng di hjelp for å hjelpa. 13.- 15. mars går Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2016 av stabelen i landet vårt. – Sjå datoar hjå våre sokn! Dette er kyrkjelydane sin eigen aksjon. Ditt bidrag gjer det mogleg for Kirkens Nødhjelp å vera der med reint vatn når katastrofen rammer. Difor vonar me du vil støtta fasteaksjonen i dei sokna du bur, anten ved å stilla som bøsseberar eller med pengar i bøssa. Me oppmodar deg også til å bruka stemma di i fasteaksjonen sin klimakampanje og slik bidra til å stoppa klimakrisa.

## I VÅRE SOKN VERT AKSJONSDAGEN SLIK OM ETTERMIDDAGEN - KVELDEN:

**Tyssedal menighet** tysdag 15. mars

**Odda sokn** tysdag 15. mars

**Skare sokn** onsdag 16. mars

**Røldal sokn** onsdag 16. mars

### TA VEL I MOT BØSSEBÆRARANE!

Det er lang tradisjon på at konfirmantane, ved hjelp av deira foreldre deltek i aksjonen i lag med sokneråda. Me treng fleire bøssebærarar og takkar om du melder deg til kyrkjekontoret vårt!

Annlaug H. Engmark  
Diakon / distriktskontakt for Kirkens Nødhjelp



# Visitaforedrag i Odda, 15. november 2015

Kjære kyrkjelyd!

Takk for gjevande dagar her i Odda, der eg har fått bli kjent med både kyrkja og bygda. Her har eg møtt eit av dei mest særprega og samansette samfunna i Bjørgvin. Knapt nokon stad finn ein så sterke uttrykk for både tradisjon og modernitet, frå stavkyrkjebygda Røldal til industribyen Odda. I dette, i ulike former, lever og verkar den kristne kyrkja hos dykk. Det gler eg meg over.

Eg har fått vere med på mykje. I møte med stab, sokneråd og frivillige medarbeidarar, har eg fått bli kjent med dei som gjer teneste her «under Guds tak», som ein av dei uttrykte det. I det trivelege møtet med kommuneleiinga opplevde eg eit sterkt engasjement, ikkje minst for dei mest sårbare i samfunnet, der ein ser på kyrkja som ein naturleg samarbeidspartnar.

Eg fekk vere med diakonen på besøk på Bokko-heimen, og fekk møte bebuarar og tilsette der. Besøka på smedlinja på vidaregåande skule i Odda og på Norsk vasskraft og industristadsmuseum i Tyssedal gav eit sterkt inntrykk av korleis den kraftkrevjande industrien på eineståande vis har forma desse lokalsamfunna. Slik vart også den sosiale historia dykkar, som eg før har fått eit inntrykk av gjennom forfattarar frå Odda, levande og nær. Mellom alle desse programpostane har eg hatt gode samtalar med dei tilsette og tillitsvalde i kyrkja, der vi har tala om både trua og tenesta. Ei tru og ei teneste som har fått eit både festleg og fordjupande uttrykk på kyrkjelydsfesten og no ved festgudstenesta.

Visitaforedrag handlar om det å koma utanfrå, bli kjent og sjå på kyrkjelyden med friske auge. Når eg skal oppsummera mine inntrykk, har eg hatt god hjelp i vistiasmeldinga, skriven av begge sokneprestane og diakonen dykkar. Etter samråding med følgjet mitt, prost Arild Hellesøy og spesialprest Roar Strømme, vil eg løfte fram noko som eg ber dykk ha særleg for auga frametter.

Som overskrift vil eg setje det aller viktigaste for oss som kristen kyrkje, slik det er uttrykt i visjonen for bispedømet vår: **Saman vil vi ære den treeinige Gud - ved å forkynne Kristus, byggja kyrkjelydar, fremje rettferd.**

## GUDSTENESTELIVET

Saman vil vi ære den treeinige Gud! Dette kjem tydelegast og sterkast til uttrykk i gudstenesta, der vi er saman for Guds andlet, Gud til ære og oss til gagn.

Eg les i visitasmeldinga at i alle kyrkjene er gudstenestefeiring prega av ei lita, men trufast kjærne. På spesielle dagar, der mange samlast, ser ein kor mange som eigentleg høyrer heime i kyrkja, men som ein ikkje ofte ser der.

Difor ber eg dykk: Hald dykk ikkje borte når kyrkjelyden samlast, som Skrifta seier. Som folkekyrkje er vi heilt avhengig av at sjølve hjerteslaget i kyrkja, gudstenestefeiringa, er sterk, regelbunden og godt besøkt. Utan dette vil både den kristne trua, tenesta og tradisjonen bleikne og visne bort mellom oss.

Eit levande gudstenesteliv føreset eit godt gudstenestetilbod. Det har de på mange måtar her i Odda. Her kan de feire gudsteneste ofte og utan at ein treng fare så langt. I Odda og Tyssedal er det gudstenestene i ei av kyrkjene mest kvar søndag. Også Skare og Røldal har ein eit betre gudstenestetilbod enn dei fleste mindre bygdesamfunna i Bjørgvin.

De har også gode kyrkjebygg. Nokre av dei kan det rett nok vere trong for å gjere litt meir barnevenlege. Men det kan gjerast med enkle grep.

De har gode folk til å leie gudstenesta. Dette har eg sjølv høyrte desse dagane, både gjennom forkynning og kyrkjemusikk. I møte med sokneråda har eg møtt vilje til å engasjere seg i gudstenestelivet, som kyrkjevartar og i andre oppgåver. Dei fine skulegudstenestene dykkar viser kva glede borna kan ha av å del i gudstenestefeiringa. Den storslagne naturen dykkar og den djupe pilegrimstradisjonen knytt til stavkyrkja i Røldal innbyr til friluft- og vandregudstenester. Kraft- og industriminna dykkar kan vere gode samlingsplassar for gudstenester med tilknytning til den lokale kulturen og historia. Dette har eg sjølv opplevd då eg var med og feira gudsteneste på smelteverkstomta ein 1. mai for nokre år sidan.

I det heile ligg mykje vel til rette. Men i siste instans handlar dette om haldningar. At vi let Gud vere sentrum i tilveret, og syner dette ved å samlast på søndagen, - Jesu oppstodedag. Det handlar om å samlast der vi som kristne høyrer heime. Dette gjer vi for vår eiga tru og teneste si skuld, der vi treng jamleg påfyll. Men vi gjer det også for Guds skuld, fordi han som vår skapar og frelsar, fortener vår takk og ære: Saman vil vi ære den treeinige Gud!

## TRUSOPPLÆRINGA

Trusopplæringa, ikkje minst for barn og unge, er avgjerande for folkekyrkja si framtid. Vi snakkar gjerne om at vi har ei folkekyrkje, og det skal vi gle oss over, men den er ingen garanti for framtida. Vi må fylla den med tru og liv, og då må me oppdra generasjonane som kjem, og vi kan ikkje rekna med at skulen gjer det, trusopplæring er ikkje skulen si oppgåve, det er kyrkja si oppgåve. Takket vere midlane som følgjer med trusopplæringsreforma har de her i Odda fått tilsett ein motivert og dugande medarbeidar i trusopplæringa i halv stilling.

De har også utarbeidd ein god og ambisiøs trusopplæringsplan.

No vert oppgåva å verksetje denne planen. Det er de godt i gang med. Slik var det godt møte borna i Tysse-dal, som samlast til noko så fint og sjeldan som ein søndagsskule på onsdag, saman med truaste leiarar. Slik friviljuge medarbeidarar vil det trengast mange av frametter. Trusopplæringa er beint fram så omfattande, at det vil vere uråd å gjennomføre henne for alle årskull med hjelp av berre tilsette. Ein så stor, friviljug innsats kan verke overveldande. Men ein måte å gjere dette overkommeleg og kjekt på, er å engasjere friviljuge «fadarar» til ulike mindre oppgåver, slik at ein tek på seg på avgrensa oppgåve for ei avgrensa tid.

Desse trusopplæringstiltaka er punktuelle, eingongshandlingar, med sikte på å nå dei aller fleste. Samstundes treng ein meir kontinuerlege tiltak, som t.d. søndagsskulen, der borna blir kjende med både leiarane og trua over tid. Difor er det svært gledeleg at speidararbeidet, som har så gode tradisjonar i Odda, no er kome i gang igjen, etter å ha lege ned ei tid. Like eins er det flott at de emnar på eit barnekor, som de har gode røymsler frå tidlegare. Eg gler meg over den store oppslutninga om konfirmantåret, som er ein svært viktig del av trusopplæringa. Dette vitnar om eit godt opplegg, som ungdomane trivast med. Samtidig skjønner eg at det er ei utfordringa å gje dei ei oppleving av eit større, kristent ungdomsmiljø. Til dette kan eit leirtilbod vere eit tilbod, gjerne knytt til ein organisasjon, noko som ikkje krev alt for mykje ressursar. Eg ber dykk også sjå på om de, gjerne i samarbeid med andre kyrkjelydar kan finne tenlege opplegg for ei oppfølging av ungdomane etter konfirmantåret.

Skule - kyrkje – samarbeidet er ikkje ein del av trusopplæringa. Like vel er det god grunn til å glede seg over det gode og ryddige samarbeidet det har i dette stykket. Noko som kjem til uttrykk ikkje minst i dei flotte skulegudstenestene.

Også vi vaksne krev vedlikehald og fornying av trua vår. Barnetrua er ein god ting, men den treng fordjuping og å veksa i møte med dei tankane og erfaringane vi gjer oss i vaksenlivet. Ei god hjelp i dette er gudstene-feiringa, der vi møter trua både i breidde og djupn. Så får de vurdere om der er tid og høve til også supplerande med «service» på barnetrua, t.d. gjennom bibelgrupper eller kurs med opplæring i trua, gjerne kombinert med eit måltidsfellesskap og samtale i grupper. På denne måten får vi ei oppdatering av trua i møte med livsens mangfald.

## DIAKONI

Kristendom er ikkje berre tru, men også handling. Her går ord og gjerning hand i hand. Dette kjem ikkje minst til uttrykk i diakonien, kyrkja si omsorgsteneste. Dette

er ikkje berre ein sektor, men i alt er det ein diakonal dimensjon. Det meste av denne omsorga er ikkje organisert. Det handlar om menneske som ser kvarandre, støttar og hjelper kvarandre, på spontant vis, slik de har ein kultur for her i Odda. Men noko treng også organisering. Difor er det flott at de i Odda har noko så sjeldan som ein diakon i full stilling. Dette har bore frukt. Det er beint fram påfallande kor gode de er på diakoni, og det kan de vere stolte av.

Ein vesentleg faktor i dette er det gode samarbeidet som diakonen har med helse- og omsorgstenesta i kommunen. I møtet eg hadde med kommuneleiinga gav dei uttrykk for at dei gjerne vil utvikle dette vidare, ikkje minst innan rusomsorga og tenesta for sjuke, gamle og einsame. Ei stor, felles utfordring er den nye flyktningesituasjonen. Her kan vi som kyrkjelyd vere med på å gje medmenneskeleg kontakt, og møte flyktningane også som religiøse menneske. Trua er viktig for dei som kjem, sjølv om dei ikkje har same tru som oss, så kan vi snakka saman og møta kvarandre med både openheit og tydeligheit og respekt.

Eit viktig element i dette er at kommunen tek ansvar for sin del av finansiering av diakonstillinga, slik spleiselaget mellom bispedømet og kommunen føreset. Det bør det vere politisk vilje til, så mykje som ein her får for pengane. Dette handlar jo ikkje berre om det arbeidet diakonen utfører direkte, men også om all den friviljuge innsatsen dette utløyser. Så ta vel vare på diakonen dyk- kar, og hald oppe den gode tradisjonen de har for å vise omsorg og solidaritet både lokalt og globalt. Slik kan vi vere ei truverdig kyrkje, der handling følgjer ord.

## KYRKJEKULTUR

Den kristne trua har på avgjerande vis forma kulturen vår. Her hos dykk kjem dette på einestående vis til uttrykk i Rødal stavkyrkje og dei tradisjonane som er knytt til henne. At dette ikkje berre er historie, men kan vere ei kjelde til kvile og kveik også i vår tid, syner seg ikkje minst i den fornya interesse for pilegrimstradisjonen, som er så sterk her hos dykk. Slik er stavkyrkja i Rødal no mål for mange pilegrimsruter, også frå andre bispedøme. Dette er vi glade for i bispedømet, og ser det som eit satsingsområde. Eit uttrykk for dette er at soknepresten i Rødal også er tilsett som pilegrimsprest. Som de er vel kjende med vert det også arbeidd for eit pilegrims-senter knytt til stavkyrkja. Bispedømet har ikkje midlar til å gå inn i dette økonomisk, men vil gjerne vere med å styrkje og utvikle den kyrkjelege pilegrimstradisjon hos dykk på ulike måtar. Slik at den kan veksa seg sterk.

Dette vil vi kome tilbake till i mange i samanhengar. Men her og no vil eg gjerne løfte fram denne rike arven som de har mellom dykk, som ikkje berre er ein stor turistattraksjon, men ei djup kjelde til refleksjon og fornying, for dykk som er så heldige å ha henne midt mellom dykk. Difor gler det meg at stavkyrkja er samlingsstaden,

fyrst og fremst for gudstenestefeiring, men også for kyrkjekonsertar, ved dei dugande kyrkjemusikarane dykkar.

Så har eg alt tala om her i Odda finn ein ikkje berre einståande uttrykk for tradisjon, men også modernitet, fyrst og fremst gjennom kraft- og industrihistoria dykkar. Dei sterke uttrykka dette har fått hos dykk, prega av både visjonar og slit, kan med god grunn løftast inn i trua sitt rom, t.d. gjennom gudstenestefeiring og kyrkjekonsertar på desse stadane.

### **MEDARBEIDARSKAP**

Gud har ordna det så viseleg at i kyrkja og kyrkjelyden er vi eit mangfaldig fellesskap, med ulike givnader, som kan kome andre til gode. Slik er der ei teneste for oss alle, anten ho er løna eller uløna. Ingen er til overs. Det gjeld berre å finne sin plass i tenestefellesskapet.

Det store gjennomtrekket i nokre av dei kyrkjelege stillingane hos dykk, minner oss om kor sårbar denne tenesta er. Difor må vi ta vel vare på dei som står i tenesta, kvar på sin plass. Dei som er i staben må vera rause, tal vel om kvarandre og stø kvarandre, i respekt for den einskilde si teneste og givnader. Slik skaper de både trivsel og motivasjon til å stå i tenesta på ein gode måte.

Så ser også at her eit stort potensiale for meir friviljug innsats. Eg har alt tala om dette i tilknytning til dei ulike verksemdsområda, ikkje minst truopplæringa. Ver frimodig, og dette seier eg til alle, ver frimodig på kva du kan vere med og hjelpe til med, sjølv om det er heller avgrensa både i tid og omfang. Her er det bruk for alle. Viss alle gjer litt, så slepp nokon få å gjera altfor mykje.

Så er det slik at nokre av oss som har meir pengar enn tid. Då kan vi vere med og yte vårt ved å gje, og det kjem vel med. I kyrkja står vi framføre eit taktskifte når det gjeld økonomi. Oppgåve er så mange og store at vi treng midlar langt utover at det som vert løyvd av det offentlege. Her treng vi lære av andre kyrkjer, der ein tek ansvar for kyrkjelyden og lokalsamfunnet også ved å gje, på regelbunde og forpliktande vis. Det må de også få til i Odda. Vi er jo truleg er den rikaste kyrkja i verds-soga, i kraft av den allmenne velstanden vår, men der så mykje midlar vert verande hos oss sjølv, og ikkje kjem fellesskapet til gode. Mi personlege tilråding i det stykket er å nytte avtalegiro og faste overføringar til gode føremål. Då gjev ein nærast utan å merke det.

Eg vil utfordre sokneråda og fellelsrådet til å få i stand ei ordning med fast gjevarteneste, gjerne til konkrete føremål slik som barne- og ungdomsarbeidet. Ikkje minst er foreldra til born og unge potensielle gjevvarar, for dei er interesserte i eit godt oppvekstmiljø. Eg vil be prestane om å forkynne fram giverglede! Men

### **KONKLUDERANDE OPPMODINGAR**

Eg plar legg att etter meg nokre konkrete oppmodingar etter visitasen, som eg også etterspør seinare gjennom prosten. Til kyrkjelydane i Odda vil eg seie:

1. **Feir gudsteneste i lag – ofte og med glede!** Ei regelbunden og levande gudstenestefeiring er sjølv hjerteslaget i kyrkjelyden, som pumpar liv og kraft til tru og teneste. Her står det bokstaveleg tala om livet i kyrkjelyden!

2. **Mobiliser til friviljug teneste!** Særleg trusopplæringa vil vere avhengig av at de lukkast med dette. Her er det bruk for alle, i eit mangfald av tenester, om kristen tru og tradisjon skal leve vidare i nye generasjonar i Odda-samfunnet.

3. **Hald fram med den gode diakonale innsatsen dykkar!** Her står de ein god tradisjon, prega av kristen solidaritet, som de har vist at de kan føre vidare i nye og gode former. Dette er både Gud til ære og medmenneske til gagn.

4. **Få i stand ei gjevarteneste for arbeidet i kyrkjelydane!** De treng sterkare økonomiske musklar om de skal vere rusta for framtida og nå dykkar mål.

### **NÅR ALT ER SAGT OG GJORT**

Når alt er sagt og gjort, lat meg få takka sokneråda, alle frivillige, prestane og dei andre medarbeiderane for arbeidet de gjer! Det er godt å vita at akkurat de er her. Og lat meg minne om at kristne er vi ikkje i kraft av det vi gjer, men vi kraft av det vi er: Guds born, som vi han har tatt til seg gjennom dåpen og trua, - i sin nåde.

Takk for at de har tatt imot meg slik, - som ein bror og tilsynsmann i Kristus. Gud signe Odda, og dei som trur, tener og lever her!

**BJØRGVIN BISPESTOL**

**15. november 2015**

**Halvor Nordhaug**



Lørdag 13. februar hadde vi  
i Odda kyrkje!

# Tårnagentsamling

Da var det 14 tårnagenter som møtte fram i våpenhuset, klare til å løse oppdrag og mysterium inne i kirken. Alle agentene fikk agentbevis og en halsvarmer spesielt for agentene.

Tårnagenten måtte avgi et passord for å komme inn i selve kirkerommet. På vandringen fram mot alteret måtte tårnagenten gå en labyrint og løse oppgaver. Kirken har mange skatter, men de var plutselig blitt borte. Ved hjelp av rebuser fant tårnagentene de forsvunne skattene som vi bruker under en gudstjeneste. Hver gang det kom et nytt oppdrag ringte vi med den fine tårnagentklokken som er lik en stor kirkeklokke som er oppe i tårnet.

Tårnagentene var ivrige i å løse oppgaver og særlig mysteriet med å spille orgel fanget deres interesse. Organisten vår, Kris lærte oss også «Tårnagentsangen». Det ble det rene sangkoret og de sang av full hals da foreldrene kom for å hente dem.

Tårnagentene trengte også påfyll etter all energien de brukte. Pause med boller og saft og på kvelden «agentkebab», falt i god smak.

Kvelden ble avsluttet med en andaktsstund og «Tårnagentsangen». Vi hadde en flott tårnagentdag sammen! Takk til alle som var med og ekstra takk til alle frivillige ledere!



# SPEIDARGLIMT

Odda KFUK - KFUM speidarar har eit aktivt program. I januarmøtet lærte dei yngste speidarane om kyrkja vår og bordfelleskapet Jesus lærte oss. Etter besøk i kyrkja baka me flatbrød. Det vart dei eldste speidarane med på og.



Her er det Sara Holven Svan, Sindre og Robin som er ivrige i baksten i lag med Marianne.

Med alder og trening vert nok leivane store og runde. Me kosa oss med å laga dei på vår måte. I god tradisjon var det karneval 8. februar, før fastetida, der alle hadde kledd seg flott ut. Då bilete vart teken hadde Espen kledd seg om for å visa den nye fine speidarakta si.



Dei som var med på karnevalet var frå venstre: Malene Austrått Kristensen, Martin Augestad Nysveen, Benjamin Lillestrøm, Ravn Waage, Eskil Fjæra Ringøy, Robin Guttormsen og Remi Konstantine Avali. Bak frå venstre: Annlaug H. Engmark, Adelheid Meusburger, Sindre Eike, Espen Westerheim, Marianne Bergstø Severinsen, Tove Hidle og Runar Bergsjø Severinsen.

Speidarane er aspirant ei tid før dei vert oppteken som speidarar. På møtet vårt 15. februar vart Edmond oppteken som aspirant. Espen og Runar vart oppteken som speidarar. Speidarane er oppteken av seremoniar og det er alltid ei høgtid når me kan innlemma fleire i speidaren. Dette året har eg tre flotte vaksne damer med meg i speidararbeidet. Agnete Bjelland er med dei eldste speidarane. Marianne Bergstø Severinsen og Tove Hidle er med meg i lag med den yngste gruppa.

*Me skulle gjerne hatt ein mann med oss som likar friluftsliv og ynskjer å læra meir om speidararbeidet ... ☺  
Finnes han? Ta kontakt med meg på kyrkjekontoret.*



Espen vert oppteken som speidar medan Malene står med det norske flagget og Robin står med banneret vårt der det står Odda KFUK-KFUM på.



Runar vert oppteken som speidar.



Edmond vert oppteken som aspirant.

Speidarane samlast ca. anna kvar veke. Me har allsidig program. Speidarane skal innom fleire tema som:



KRISTEN  
TRO



FELLESSKAP



PERSONLIG  
UTVIKLING



FRILUFTSLIV



SAMFUNNS-  
ENGASJEMENT

Me løysar oppgåver, leiker og trener oss på speidarlivet. Målet denne våren er å delta på kretsleir i Haugaland krets av Norges KFUK-KFUM speidarar sin kretsleir i Nedstrand 25. juni - 1. juli. Nest etter landsleir er dette ein stor og gjevande leir.



*Annlaug H. Engmark*  
Diakon og gruppeleiar



## Dette skjer i kirken:

### Odda:

- **Speideren** har møter på Soknehuset annenhver mandag kl. 18.00 - 20.00.  
Ta kontakt med hovedleder Annlaug Engmark, tlf. 53 65 09 06.

- **Klubb13** Se egen annonse på s. 4.

### Røldal:

- Familiegudstjeneste 13. mars kl. 16.00 i Røldal kyrkje
- Høytidsverksted med påske som tema, lørdag 19. mars kl. 11.00 i Kyrkjestova

### Tyssedal:

«Sprell levende» holder til i kirkekjelleren i Tyssedal kirke hver onsdag fra kl. 17.00-18.30. Alle barn er velkommen!



## Det var veldig gøy

å arrangere høgtidsverksted på Grendahuset i Skare 5. desember! Vi hadde kjekke hobbyaktiviteter og laget Jesusbarnet i krybben, julekuler og dørkranser. Noen av barna ville lage julekort. Så laget vi kjempefine engler med toppluer. Vi hørte om Josef og Maria som var på sin lange vandring til Bethlehem, sang julesanger og hadde lekekrok for de minste.



Alle barna kom hjem med en kasse hver hvor de hadde alt de hadde laget i på verkstedet. Grendahuset var et fint lokale å bruke!



## Det Norske Misjonsselskap

### MISJONSSTEMNE OG ÅRSMØTE i ODDA, SUNDAG 3. APRIL 2016

Gudstjeneste i Odda kyrkje kl. 11.00 ved sokneprest Margrethe Ølberg  
Preik ved misjonskonsulent Torstein Fosse  
Middag og årsmøte i Odda Bedehus kl. 13.00  
Vanlege årsmøtesaker. Aktuell orientering.  
Misjonsfest i soknehuset i Odda kl. 16.00

Tale ved misjonskonsulent Torstein Fosse  
Program ved lokale krefter, matøkt, helsingar.

Misjonsoffer.

Sal av gjenbruksljos.

Påmelding til middag seinast fredag 1. april 2016 til Hildegunn Vikne Knutsen mobil 917 72 221 eller e-post: [sveinkn@gmail.com](mailto:sveinkn@gmail.com) eller til Tone Reinskou Bjotveit, mobil 456 863 68

*Alle er hjarteleg velkomne!*  
Hardanger og Voss område av Det Norske Misjonsselskap

### Misjonslaget i Røldal våren 2016

Onsdager, kl. 11.00 - 13.00

9. mars, 6. april, 4. mai (NMS gjenbruk, Haugesund)


Kontaktperson Liv Karin Larsson - 476 18 491

### Liker du å synge? Lyst til å bli forsanger?

Vi trenger forsangere ved gudstjenestene i Odda kyrkje. Du kan være med i ei gruppe og synge ca. en søndag i måneden, eller du kan bare møte opp i kirka en time før gudstjenesten begynner. Ta kontakt med Pawel Cabala

🎵🎵🎵🎵 (53650909 / 53643262) hvis du har spørsmål

## SMÅBARNSKAFÉ



Torsdager kl. 10.30 - 13.45 på soknehuset v/ Odda kyrkje. Barn under skolealder med foreldre, besteforeldre eller dagmamma er hjertelig velkommen.

**STØRST AV ALT**

Vi kommer til å leike, synge og ha en hyggelig stund sammen.

Ta med nistepakke, vi holder drikke.



Lurer du på noe, kontakt kontoret 53 65 09 00



DEN NORSKE KYRKJA

Odda sokn

## TAKKEBREV TIL RØLDAL SOKNERÅD FRÅ BARNEHEIMEN I POTOSI, BOLIVIA

### Til medlemmene i Røldal sokneråd.

Det er svært spesielt for meg å skriva til dykk å takka for donasjonen som har blitt realisert her på heimen. Med pengane hadde vi råd til å kjøpa ein fryseboks der vi kan oppbevare matvarer, spesielt kjøtt som ofte står på menyen. Vi bur litt langt frå bysentrum, så vi har ikkje anledning til å reisa dit kvar dag for å kjøpa kjøtt. No kan vi kjøpa kjøtt for 15 dagar, som vi porsjonerar og frys ned enkeltvis. Slik treng vi berre ta opp det vi treng for dagen, så den frysaren hadde vi behov for.

I 2012 tok eg kontakt med Sembrando Gaz og forklarte dei at heimen trong hushaldningsgass med tilkopling til kjøkken og matsal, slik at der kunne installerast varmeovnar. Og no har dei sagt oss at draumen skal bli verkeleg. Potosi er er ein svært kald by, og barneheimen ligg endå høgare, på 4100 moh. Vintertemperaturen her kan bli lågare enn 15 minusgrader. For å utnytta pengegåva dykker, har vi kjøpt to varmeovnar til matsalen, slik at der er varmt når vi skal eta.

Om vinteren gjere borna leksene sine her i matsalen, for soveromma er ikkje oppvarma.

Eg kunne ikkje senda rapporten tidlegare, for eg mangla kvittering på kjøpa.

Orsak forseinkinga, og atter ein gong er vi takknemlege.



Ein gong til!!!!!!!!!!!!!!

**MANGE TAKK!!!!!!!!!!!!!!**

Saman kan vi halde fram å hjelpa borna.  
Her er ein song som vi syng i kyrkja der  
koret seier:

Alt vi gjere er for Kristus  
Mi glede er å fortelja om han;  
Når han tenner gleda ved mitt arbeid  
Ho, om det gjere meg trufast.

*Betzabe Vega Rochas*

Major – Direktør for barneheimen

»Wasinchej Cerca del Cielo«

Merknad: Barneheimen i Potosi vert driven av Boliviafamilien gjennom Frelsesarmeen i Bolivia.  
– Pengegåva frå Røldal sokneråd var 10.000 kr.


*Margit Gjørsv*

### Odda sokneråd

vil takke gode bidragsytere, som har gjort det mulig å få flombelyst den flotte kyrkja vår.

Stor takk til:

**Odda kommune,  
Odda Plast AS,  
Malermester Meusburger AS,  
Odda Energi AS,  
Odda By,  
Odda Lions Club,  
Thord Paulsen AS,  
Odda Jernvare AS  
og Hardanger Hotel.**



Varmhjarta, tilgjeving,  
kjærleik - kjerneord i livet.

Vakre ord - på nynorsk!  
Kjøp den nye bibelen  
på nynorsk!

**Odda Mållag**



INGENIØR- OG ENTREPRENØRFORRETNING



tlf. 53 64 80 80  
post@hoyer-odda.no

**EURO SKO**  
RAGNAR KARLSEN

tlf. 53 64 10 12

**Einar Reisæter AS**

elekt. forretn. install.  
Eitrheimsv 1, 5750 Odda  
tlf. 53 64 13 33

**TERJE**

**STORHAUG**

barne-unodoms-og herreføtør

tlf. 53 64 16 44

**Steinar Tokheim**

Byggn.tekn.kons.  
Skare

stokheim@online.no  
mob. 958 71 277



**ODDA MEKANISKE VERKSTED AS**

Postboks 144, 5751 Odda  
post@omv.as tlf. 53 64 00 40  
VD ENGINEERING AS  
Postboks 392, 5751 Odda



**COOP**  
marked

Røldal - tlf. 53 64 71 26

RF

**Radio Folgefonn**

Hardanger & Voss

www.radiofolgefonn.no



**ODDA**  
KOMMUNE

Tenestetorget tlf. 53 65 40 00.  
www.oddakommune.no

Røldal   
Bygdeteneste

5760 Røldal, tlf. 941 52 656  
Grunnarbeid - Snørødding - Hagearbeid  
Stillasutleige - Vedsal



Sparebanken  
Vest

**EIN STABIL OG TRYGG BANK**

AVD. ODDA - 53 64 95 00

**HARDANGER**  
BILSKADESERVICE

OPPRETTING - LAKKERING - SERVICE

Odda, tlf. 53 64 40 22



**Tømring - Forskaling**  
Rehabilitering - piper - fliser

**SVEIN**  
**MYRHEIM**

5760 Røldal  
tlf. 53 64 73 13 / 90 80 14 01

**Odda Rutebuss AS**

Tyssedalsvn. 8 - 5750  
Odda



tlf. 53 64 18 65  
fax 53 64 23 91

**FARGERIKE**

Torkelsen

tlf. 53 64 24 80  
torkelsen@fargerike.no

**SpareBank**

SR-BANK



tlf. 02002

**Thord Paulsen AS**

**Essostasjonen**

tlf. 53 64 13 04

thord@thordpaulsen.no

NAF/Falck

mob. 954 10 864



**Odda Energi**

Sentralbord: 53 65 05 00

www.oddaenergi.no

**Odda begravelsesbyrå**  
& **Digranes blomster**

Døgnvakt byrå, tlf. 90 67 99 99

53 64 20 00

Blomsterbutikken, tlf. 53 64 21 50

fax 53 64 23 81

www.digranes.no

**Meusburger**  
malermester as

tlf. 53 64 32 09 / 959 28 787

**Odda Bedehus**

- **28. april**, kl. 19.00 - Temakveld ved H.O.Tungesvik.  
«Korleis møter me forandringar» Samtale, spørsmål, enkel servering.
- **12. mai**, kl. 17.00 - 19.00 - Grillavslutning. Tur i det blå for store og små! Grilling, leikar og premiar. Møt opp ved Odda Bedehus.

*Heile familien velkomen!*

**Ønsker du å ha annonse  
i Helgahelsing?**

Ta kontakt med kirkekontoret!



# KONFIRMANTAR



- 2016 -



## **Odda kyrkje - 23. april kl. 12.00**

Sondre Flaten Sandvin  
Anna Langås Jøsendal  
Trym Eitrheim Rasmussen  
Erlend Lia  
Ingri Larsen  
Joakim Kolltveit Børve  
Heine Sveinsgjerd  
Ådne Ingeson Aase  
Silje Kindem Fedje  
Helena Haukaas  
Sigurd Aga Hagen  
Endre Opedal Torsnes  
Sara Trones Jåstad  
Silje Seljestad Øvsthus  
Sander Nilssen Opedal  
Noah Mikkelsen  
Frida Akse Faugstad  
Ingrid Herstad Sandvin  
Karine Herstad Sandvin  
Runar Næss Riise  
Trym Lauri Seim Brekke  
Simen Knutsen Vallestad

## **Odda kyrkje - 8. mai kl. 11.00**

Andreas Vikane  
Mai-Berit Håvik  
Elind Sletvik Björkman  
Isabella Andersen  
Joachim Smedegård

## **Røldal kyrkje - 15. mai kl. 11.00**

Maria Steinsland Medhus  
Eirik Hamre Sandal  
Robin Tveit

## **Odda kyrkje - 24. april kl. 11.00**

Espen Lunde Tveit  
Marius Lunde Tveit  
Elena Lutro Berntsen  
Veline Storhaug Fjæra  
Daniel Furrebøe Bratlebø  
Kathrine Solheim Lagestrand  
Julia Naasen Riise  
Erlend Schweitzer Sjurstræ  
Kristoffer Hansen Hagen  
Sondre Helgesen  
Iselin Starefoss Stave  
Magnus Ebne Vivelid  
Sigrid Buer Jacobsen  
Sebastian Nysæter Clausen  
Lukas Hanevik Brochsgaard  
Sindre Lillestrøm


## **Tyssedal kirke - 24. april kl. 11.00**

Rikke Rødli Halland  
Martin Knudsen Bakke  
Sol Marlene Langva Isberg  
Svein Prestegård Skjeldås  
Sindre Seim Tyssedalstveit

## **Skare kyrkje - 8. mai kl. 11.00**

Tord Nordbustad Hauge  
Joanna Løyning  
Johan Krohn Runnane  
Renate Nordbustad Hauge  
Magnus Børve  
Christian André Solvi Rasmussen  
Hermann Angell





«Om jeg lykkes i å føre

et menneske mot et bestemt mål,  
må jeg først finne mennesket der det  
er  
og begynne just der.

For å hjelpe noen må jeg selv

forstå mer enn den jeg vil hjelpe,  
men jeg må også forstå det samme  
som den jeg vil hjelpe forstår.

Om jeg ikke kan det

da hjelper det ikke  
om jeg kan eller vet mere.

Om det er viktigere for meg

å vise hvor mye jeg selv kan,  
så beror det på at jeg er hovmodig  
og egentlig ønsker å bli beundret av  
andre  
- i stedet for å hjelpe.

All ekte hjelpsomhet begynner

med ydmykhet mot den jeg vil hjelpe.

Å hjelpe er å tjene – ikke å herske.

Kan jeg ikke oppfylle disse krav  
kan jeg heller ikke hjelpe noen»

Søren Kirkegaard (1813-1855)  
dansk forfatter og filosof



## Døpte

Jesus seier: Sjå, eg er med dykk alle dagar så  
lenge verda står. *Matt.28,20*

### Odda kyrkje

10.01.16 Mia Gundersen Sjøstad  
14.02.16 Ylva Malen Eidnes  
Agate Kråkevik  
21.02.16 Emil Svåsand Måkestad

### Skare kyrkje

17.01.16 Matheo Moe Paulsen

## Avlidne

Herre, lær oss å telja våre dagar,  
så vi kan få visdom i hjarta. *Salme 90,12*

### Odda

Liv Næss	f. 1960
Björg Fjelberg	f. 1923
Ivar Halland	f. 1931
Sverre Øvrehus	f. 1932
Alise Severine Rullestad	f. 1957
Øyvind Haga	f. 1956
Klara Kristina Lekve	f. 1924
Jane Karin Kvarsvik	f. 1963
Synva Aksnes	f. 1928
Helga Osmo	f. 1926
Olga Tokheim	f. 1925
Eli Låte Karlsen	f. 1939
Gustav Ulven Aasen	f. 1942
Hans Kristian Mikkelsen	f. 1939
Olav Vatle	f. 1928
Anna Freim Eriksen	f. 1938
Carl Werner Nyborg	f. 1919
Sigrid Haukaas	f. 1966
Olav Asbjørnsen Eide	f. 1940
Toralv Fosse	f. 1949
Johannes Aardal	f. 1922

### Røldal

Udmund Prestegård	f. 1950
Marta Tufte	f. 1913

### Tyssedal

Mary Knudsen	f. 1926
--------------	---------



## GUDSTENESTELISTA

### 20. mars - Palmesundag

Skare kyrkje kl. 11.00

### 24. mars - Skjærtorsdag

Tyssedal kirke kl. 11.00

Skare kyrkje kl. 19.00

### 25. mars - Langfredag

Odda kyrkje kl. 11.00

Røldal kyrkje kl. 19.00

### 27. mars - Påskedag

Odda kyrkje kl. 11.00

Røldal kyrkje kl. 11.00

### 3. april - 2. søn. i påsketiden

Odda kyrkje kl. 11.00

NMS-fest på Odda soknehus

### 10. april - 3. søn. i påsketiden

Røldal kyrkje kl. 11.00

Tyssedal kirke kl. 17.00

### 14. april - torsdag

Odda kyrkje kl. 18.00

Samtalegudsteneste konfirmanter

### 17. april - 4. søn. i påsketiden

Skare kyrkje kl. 11.00

### 23. april - laurdag

Odda kyrkje kl. 12.00

Konfirmasjon

### 24. april - 5. søn. i påsketiden

Odda kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon

Tyssedal kirke kl. 11.00

Konfirmasjon

### 1. mai - 6. søn. i påsketiden

Røldal kyrkje kl. 11.00

Odda - kl. 11.30

Gudsteneste på Smelteverkstomta

### 4. mai - onsdag

Skare kyrkje kl. 18.00

Samtalegudsteneste konfirmanter

### 5. mai - Kristi Himmelfartsdag

Skare kyrkje kl. 11.00

### 8. mai - søndag før Pinse

Odda kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon

Skare kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon

### 11. mai - onsdag

Røldal kyrkje kl. 18.00

Samtalegudsteneste konfirmanter

### 15. mai - Pinsedag

Odda kyrkje kl. 11.00

Røldal kyrkje kl. 11.00

Konfirmasjon

### 16. mai - 2. Pinsedag

Skare kyrkje kl. 11.00

### 17. mai - tysdag

Røldal kyrkje kl. 11.00

Odda kyrkje kl. 11.30

### 29. mai - 2. søn. i treenighetstida

Tyssedal kirke kl. 11.00

Røldal kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste

### 5. juni - 3. søn. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste. Speidere deltek.

Skare kyrkje kl. 11.00

### 12. juni - 4. søn. i treenighetstida

Tyssedal kirke kl. 11.00

### 19. juni - 5. søn. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 11.00

Røldal kyrkje kl. 11.00

Røldalsmarknad

Det kan verta endringar - sjå etter i HF om fredagen

### Fellesbøn

(økumenisk bøn)



på **Odda Bedehus**  
kvar laurdag klokka 10

### Kirkens SOS

FORTVILET?  
Ring Kirkens SOS  
22 40 00 40



### Tysdagsbøn

i Odda kyrkje kl. 12.00



**Ynskjer du hjelp** til å koma deg til kyrkja i Odda når det er gudstenester der?

Fredagen

før gudstenesta

innan klokka 12.00:

Ring Odda kyrkjekontor



**53 65 09 00**

### Kyrkjeskyssen i Røldal



ring **95 95 11 11**



# ODDA

TRYKK & REKLAME

Postboks 253 - 5751 Odda

tlf. 53 65 03 20 - Fax 53 65 03 30

[www.oddatrykk.no](http://www.oddatrykk.no)